



ÅL KOMMUNE

---

# Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida

Oppsummering høyring  
juli 2018





# Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida

## Oppsummering etter høyringa

### Høyringsuttaler:

Arbeidsgruppa har fått inn 35 høyringsuttaler. Høyringsuttalene ligg i sak 18/00293.

Lista under er kronologisk etter når uttalene kom inn:

1. FAU, Nedre-Ål skule, 18/00293-5
2. Elevrådet, Nedre-Ål skule, 18/00293-6
3. Samarbeidsutvalet, Sando barnehage, 18/00293-7
4. Styret i Torpo idrettslag, 18/00293-8
5. Fagforbundet i Ål, 18/00293-9
6. FAU, Nordbygdene barnehage, 18/00293-10
7. Samarbeidsutvalet, Sundre barnehage, (synspunkta til FAU er ivareteke av SU), 18/00293-11
8. Tilsette, Torpo skule, 18/00293-12
9. Samarbeidsutvalet, Torpo barnehage, 18/00293-13
10. Fagforbundet og utdanningsforbundet, Sando barnehage, 18/00293-14
11. Tilsette Skattebøl skule, 18/00293-15
12. Samarbeidsutvalet Leveld skule/Nordbygdene barnehage (om barnehagestruktur), 18/00293-16
13. Samarbeidsutvalet Leveld skule/Nordbygdene barnehage (om skulestruktur), 18/00293-17
14. Elevrådet, Leveld skule, 18/00293-18
15. Ål ungdomsråd, 18/00293-19
16. Samarbeidsutvalet, Torpo skule, 18/00293-20
17. FAU, Leveld skule, 18/00293-21
18. FAU, Skattebøl skule, 18/00293-22
19. Utdanningsforbundet, Torpo barnehage, 18/00293-23
20. Fagforbundet, Torpo barnehage, 18/00293-24
21. Barne- og ungdomsarbeiderar organisert i Fagforbundet v/Nedre-Ål skule, 18/00293-25
22. FAU, Ål ungdomsskule, 18/00293-26
23. Utdanningsforbundet, Nordbygdene barnehage, 18/00293-27
24. Vats grendeutval, 18/00293-28
25. FAU, Sando barnehage, 18/00293-29
26. Samarbeidsutvalet, Skattebøl skule, 18/00293-31
27. Ål Venstre, 18/00293-32
28. FAU, Torpo skule/Torpo barnehage, med eit vedlegg frå ein innflyttar, 18/00293-33
29. Utdanningsforbundet i Ål (om barnehagestruktur), 18/00293-35
30. Torpo bygdekvinnelag, 18/00293-36
31. Utdanningsforbundet, Nedre-Ål skule, 18/00293-37
32. Petter Watne (far, Skattebøl skule), 18/00293-38
33. Utdanningsforbundet, Leveld skule, 18/00293-39
34. Håvard Holepass, 18/00293-40
35. Utdanningsforbundet i Ål (om skulestruktur), 18/00293-41

I tillegg svara 383 personar på spørjeundersøkinga EasyQuest.

På dei neste sidene følgjer ei oppsummering av høyringssvara og spørjeundersøkinga:

1. Oppsummering, høyringssvar, barnehage med ei oppsummering av kommentarane.
2. Oppsummering, høyringssvar, skule med ei oppsummering av kommentarane.
3. Oppsummering av spørjeundersøkinga EasyQuest.
4. Kommentar til aktuelle problemstillingar og spørsmål som kom i høyringa.
5. Avsluttande kommentar frå arbeidsgruppa

## 1. Oppsummering høyringssvar, barnehage

<b>1</b>	<b>Skalere ned drifta i alle barnehagane</b>		
<b>1.1</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske fordelar</b>		
	«Roleg» og trygg start for dei minste barna i lokal barnehage	4	SU-Sando, FAU-Nordbygdene, SU-Leveld/Nordbygdene, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Gir høve til samarbeid skule-barnehage om t.d. SFO og overgang til skule	4	FAU-Nordbygdene, SU-Torpo, SU-Leveld/Nordbygdene, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Meir oversikt med færre barn i mindre einingar	3	<b>Fagforbundet i Ål</b> , Utdanningsf.-Sando, Utdanningsf.-Nordbygdene
	Ivaretar eit mangfald av barnehagar med ulike profilar – variasjon i tilbodet	2	Utdanningsf.-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Ein styrar som er tett på avdelingane	2	FAU-Nordbygdene, SU-Leveld/ Nordbygdene
	Tilsette har over lang tid bygd opp ei godt fungerande driftsform	2	SU-Torpo, Utdanningsf.-Torpo
	Samarbeid, planlegging og utviklingsarbeid er enklare i mindre einingar	2	SU-Leveld/Nordbygdene, SU-Torpo
	Barn som bur nær kvarandre blir godt kjente før dei startar i skulen	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Lokal barnehage kan bruke lokalhistorie i det pedagogiske arbeidet	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Personalalet kan flytte på seg (positivt å bytte arbeidsplass av og til)	1	<b>Fagforbundet i Ål</b>
<b>1.2</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske ulemper</b>		
	Mindre fagleg miljø med færre tilsette – dårligare tenestekvalitet og fagleg utvikling	8	SU-Sando, <b>Fagforbundet i Ål</b> , SU-Sundre, SU-Torpo, Tilsette-Sando, Utdanningsf.-Torpo, Fagforbundet-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Færre vaksne – kan bli nødvendig å redusere opningstida for å ivareta tilfredsstillande sikkerheit	6	SU-Sando, <b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Sando, Utdanningsf.-Torpo, Fagforbundet-Torpo, Utdanningsf.-Nordbygdene
	Vanskeleg å ivareta god alderstilpassa leik dersom barnehagane blir for små	4	SU-Sando, FAU-Nordbygdene, SU-Leveld/Nordbygdene, Utdanningsf.-Torpo
	Mindre sosialt miljø	4	SU-Sando, SU-Torpo, Utdanningsf.-Torpo, Fagforbundet-Torpo
	Vanskelegare å gjennomføre møte og plantid, pedagogisk planlegging	4	SU-Sando, <b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Sando, Utdanningsf.-Torpo
	Må redusere på utviklings- og prosjektarbeid	3	SU-Torpo, Utdanningsf.-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>

	Nedskalering er uheldig for organisering og drift av barnehagen	2	Tilsette-Sando, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Vanskelegare å rekruttere, mindre attraktivt å arbeide i ein liten barnehage	2	SU-Sando, SU-Torpo
	Sårbart ved sjukdom/ferieavvikling	2	Tilsette-Sando, Utd.f.-Torpo
	Vanskelegare å følgje opp enkeltbarn/barnegrupper	1	SU-Sando
	Redusert styrarressurs – mindre tid til personaloppfølging, administrasjon og leiing/utvikling	1	SU-Sando
	Personale må slutte/flytte (ikkje alle vil byte arbeidsplass)	1	<b>Fagforbundet i Ål,</b>
	Barnehagedrift i 2018 krev fleire tilsette enn tidlegare	1	SU-Torpo
	Styrar på avdeling blir ikkje stabil del av personalet pga. andre gjeremål	1	Tilsette-Sando
<hr/>			
<b>1.3</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske fordelar</b>		
	Ål beheldt alle barnehagane, viktig med eit tilbod i alle grender (gir tilflytting, legg til rette for spreidd busetnad, levande bygder)	8	SU-Sando, <b>Fagforbundet i Ål</b> , FAU-Nordbygdene, SU-Torpo, Tilsette-Sando, SU-Leveld/ Nordbygdene, Utdanningsf.-Torpo, Utdanningsf.-Nordbygdene
	Mindre forhold – foreldre tek større ansvar	3	FAU-Nordbygdene, Utdanningsf.-Nordbygdene, FAU-Sando
	Kort avstand til barnehagen for dei fleste (geografisk fellesskap)	2	SU-Sando, Utdanningsf.-Torpo
	Enkelt å auke kapasiteten ved behov	2	SU-Sando, Tilsette-Sando
	Barnehage i nærmiljøet styrkar identiteten til barna	1	FAU-Nordbygdene
	Naturlege svingingar i jordbruksbygder som strukturen må tåle	1	SU-Torpo
	Fordeler trafikken, ikkje alle må inn til sentrum	1	Utdanningsf.-Torpo
<hr/>			
<b>1.4</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske ulemper</b>		
	Vanskeleg å oppretthalde dagens opningstid (viktig for utkantane, lang køyring, utfordrande logistikk for foreldre)	6	SU-Sando, FAU-Nordbygdene, SU-Sundre, SU-Torpo, Tilsette-Sando, SU-Leveld/Nordbygdene
	Korleis oppretthalde tilfredsstillande sikkerheit/kvalitet med få tilsette og lang opningstid?	2	SU-Sando, Tilsette-Sando
	Lite pengar å spare	2	FAU-Nordbygdene, Utdanningsf.-Torpo
	Dårleg arealutnytting, dyr drift, vedlikehald av fleire bygg	1	SU-Sando
	Lite attraktivt å flytte til bygdene	1	Utdanningsf.-Torpo
	Mindre fleksibilitet for tilsette gir auka vikarutgifter	1	Utdanningsf.-Torpo
<hr/>			
<b>2</b>	<b>Legge ned ein av barnehagane</b>		
<b>2.1</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske fordelar</b>		
	Det blir eit stort nok fagleg miljø i dei andre to-avdelingsbarnehagane – mindre sårbart, auka stabilitet	7	SU-Sando, <b>Fagforbundet i Ål</b> , FAU-Nordbygdene, SU-Torpo, Tilsette-Sando, SU-Leveld/ Nordbygdene, Utdanningsf.-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Enklare å oppretthalde lang opningstid	3	SU-Sando, <b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Sando

	Betre sosialt miljø i dei andre barnehagane, fleire på same alder	2	SU-Sando, SU-Sundre
	Alle barnehagane får fylt opp plassane	1	<b>Fagforbundet i Ål</b>
	Kan behalde styrarressursen som i dag	1	SU-Sando
<b>2.2 Pedagogiske og organisatoriske ulemper</b>			
	Vanskelegare med gode overgangar mellom barnehage og skule	4	FAU-Nordbygdene, SU-Leveld/ Nordbygdene, Utdanningsf.-Torpo, Fagforbundet-Torpo
	Viktige sosiale relasjonar blir brotne i overgangen barnehage-skule	3	FAU-Nordbygdene, SU-Leveld/ Nordbygdene, Utdanningsf.-Torpo
	Alle to-avdelingsbarnehagane er oppgraderte med gode uteområde	2	SU-Torpo, Fagforbundet-Torpo
	Behov for utvida gruppe med dei ulempene dette fører med seg?	2	SU-Sando, Tilsette-Sando
	Skulen som mistar lokal barnehage kan oppleve sviktande elevtal	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Tilsette må begynne på nye arbeidsplassar	1	Utdanningsf.-Torpo
<b>2.3 Samfunnsmessige og økonomiske fordelar</b>			
	Enklare å halde på dagens opningstid 07.00 – 17.00	4	SU-Sando, FAU-Nordbygdene, Tilsette-Sando, SU-Leveld/Nordbygdene
	Reduserte driftsutgifter, t.d. løn til ein styrar	3	FAU-Nordbygdene, SU-Sundre, SU-Leveld/Nordbygdene
	Reduserte utgifter, om bygg blir selde	2	SU-Sando, Tilsette-Sando
<b>2.4 Samfunnsmessige og økonomiske ulemper</b>			
	Eit nærmiljø mistar barnehagen, (konsekvensar for barn, foreldre og tilsette)	8	SU-Sando, <b>Fagforbundet i Ål</b> , FAU-Nordbygdene, SU-Sundre, SU-Torpo, Tilsette-Sando, Utdanningsf.-Torpo, SU-Leveld/Nordbygdene
	Utflytting frå grendene, mindre tilflytting	7	SU-Sando, FAU-Nordbygdene, SU-Torpo, SU-Leveld/ Nordbygdene, Fagforbundet-Torpo, Utdanningsf.-Nordbygdene, Vats grendeutval
	Vanskelegare å utvide tilbodet om behovet aukar igjen (mangel på barnehageplass?)	6	SU-Sando, <b>Fagforbundet i Ål</b> , FAU-Nordbygdene, SU-Torpo, Tilsette-Sando, SU-Leveld/ Nordbygdene
	Vanskeleg å selje kommunale bygg – framleis vedlikehald og drift (etterbruk?)	6	SU-Sando, FAU-Nordbygdene, Tilsette-Sando, Utdanningsf.-Torpo, SU-Leveld/Nordbygdene, Utdanningsf.-Nordbygdene
	Usikkert om foreldre vel barnehage viss den ligg langt unna. Mindre tidleg innsats.	4	FAU-Nordbygdene, SU-Leveld/ Nordbygdene, Utdanningsf.-Nordbygdene, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>

	Lengre reiseveg for dei som bur nær barnehagen som blir lagt ned, (lengre «arbeidsdag»)	4	FAU-Nordbygdene, SU-Torpo, SU-Leveld/Nordbygdene, Fagforbundet-Torpo
	Mindre «eigarskap» til barnehagen – mindre foreldreengasjement	2	FAU-Nordbygdene, SU-Leveld/Nordbygdene
	Eit samlingspunkt i grenda blir borte	2	SU-Sundre, SU-Torpo
	Kan føre til venteliste på barnehageplass	1	<b>Fagforbundet i Ål</b>
	Kan føre til at det kjem private barnehagar. Er det ønskeleg?	1	SU-Sando

<b>3</b>	<b>Redusere tal barn i Sundre barnehage</b>		
<b>3.1</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske fordelar</b>		
	Større areal til grupperom/gruppedeling, leikareal og møterom i Sundre	6	SU-Sando, FAU-Nordbygdene, Tilsette-Sando, Utdanningsf.-Torpo, SU-Leveld/Nordbygdene, Utdanningsf.-Nordbygdene
	Alle barnehagane i kommunen beheldt eit fagleg godt nivå.	5	SU-Sando, <b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Sando, Utdanningsf.-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Minst inngripande tiltak	3	FAU-Nordbygdene, SU-Leveld/ Nordbygdene, Fagforbundet-Torpo
	Sundre vil framleis ha mange tilsette og mange barn – fagleg og sosialt miljø blir ivaretake	3	SU-Torpo, Utdanningsf.-Torpo, Utdanningsf.-Nordbygdene
	Overgangsplanen sikrar lik overgang til skule uansett kva barnehage barnet går i.	2	SU-Sando, <b>Fagforbundet i Ål</b>
	Alle barnhagar beheldt eit godt sosialt miljø for barn og tilsette	1	SU-Sando
	Meir oversiktleg, lettare å få tilsett pedagogar?	1	SU-Leveld/Nordbygdene
<b>3.2</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske ulemper</b>		
	Krev pedagogisk omorganisering i Sundre	3	SU-Sando, SU-Torpo, Tilsette-Sando
	Færre vaksne på eit stort uteområde	1	<b>Fagforbundet i Ål</b>
	Vanskelegare å organisere aldersinndeling med god tilpassa opplæring	1	SU-Sundre
	Det fleirspråklege miljøet i Sundre med god kompetanse vil bli svekka	1	SU-Sundre
	Mindre skulestartargruppe – vanskelegare å utvikle god sosial kompetanse før skulestart	1	SU-Sundre
	Barn vil miste gangavstand til mange ressursar: klatrevegg, skulepark, kulturhus, 4H-gard osv.	1	SU-Sundre
	Kva skjer med ass.styrar-stillinga? Reduksjon?	1	Tilsette-Sando
<b>3.3</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske fordelar</b>		
	Enkelt å utvide om behovet aukar	10	SU-Sando, <b>Fagforbundet i Ål</b> , FAU-Nordbygdene, SU-Torpo, Tilsette-Sando, SU-Leveld/ Nordbygdene, Utdanningsf.-Torpo, Fagforbundet-Torpo, Utdanningsf.-Nordbygdene,

			<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Meir effektiv sparing enn å ta litt over alt utan store negative konsekvensar	6	SU-Sando, FAU-Nordbygdene, SU-Torpo, Tilsette-Sando, Utdanningsf.-Torpo, SU-Leveld/Nordbygdene
	Opprettheld barnehage i dei andre nærmiljøa, tek vare på bygdesamfunna	4	<b>Fagforbundet i Ål</b> , FAU-Nordbygdene, Tilsette-Sando, SU-Leveld/Nordbygdene
	Kan redusere stillinga som ass.styrar i Sundre	2	SU-Sando, Tilsette-Sando
	Mindre ulempe enn å legge ned ein barnehage i utkantane	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Barnehagane Sando og Skattebøl ligg tett på sentrum, kort reiseveg for levering/henting	1	SU-Sando
	Ingen tom bygningsmasse som kan vere vanskeleg å nytte til andre ting	1	FAU-Nordbygdene
<b>3.4</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske ulemper</b>		
	Ikkje alle får plass der dei ynskjer, sentrumsbarnehagen blir mindre	1	<b>Fagforbundet i Ål</b>
	Ulempe om foreldre i sentrum må køyre barna til barnehage i grondene	1	SU-Sundre
	Vil svekke Ål-samfunnet med godt utbygd sentrum med varierte tilbod	1	SU-Sundre
<b>4</b>	<b>Oppvekstsenter</b>		
<b>4.1</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske fordelar</b>		
	Med god og likeverdig leiing kan denne modellen gi betre samarbeid mellom barnehage og skule	2	Utdanningsf.-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Litt større faglege miljø i dei små einingane	1	SU-Sundre
	Oversiktig arbeidsmiljø	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Ein kan nytte tilsette i både barnehage og skule	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Overgang barnehage-skule kan bli tryggare	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Nærskulen med kort reiseveg og oversiktig miljø består	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
<b>4.2</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske ulemper</b>		
	Ein leiar? Vanskeleg med godt nok fokus på både barnehage og skule	3	Utdanningsf.-Nordbygdene, SU-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Ulike på struktur, organisering, rammeverk – vanskar med å møtast på ein god måte	2	Utdanningsf.-Torpo, Fagforbundet-Torpo
	For få elevar på kvart alderstrinn – fådelt skule	1	SU-Sundre
	Prøvd ut i Leveld/Nordbygdene utan positive erfaringar	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
<b>4.3</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske fordelar</b>		
	Kan vere eit (mindre attraktivt) alternativ for å redde eit barnehagetilbod i nærmiljøet	1	SU-Torpo
	Ivaretar det å ha ein barnehage i nærmiljøet	1	Utdanningsf.-Torpo
<b>4.4</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske ulemper</b>		
	Lite å spare – vil uansett krevje fleire leiarar	1	Utdanningsf.-Nordbygdene

## Høyringssvar barnehage – oppsummering generelle kommentarar

I denne oversikten er det teke med eit utval og ei kort oppsummering av dei generelle kommentarane i høyringssvara. Heile høyringssvaret ligg i sak 18/00293.

### **1. Samarbeidsutvalet (SU) Sando barnehage**

Sando barnehage er i tillegg til barnehage eit grendehus. Fleire å dele kostnadane på. Drenering på oversida av bygget må gjerast uavhengig av om det er barnehage eller ikkje i bygget. Sando barnehage ligg sentralt plassert i kommunen og nær sentrum. Lett å utvide ved behov. Viser til forsking frå «Tidlig trygg i Trondheim prosjektet som viser at små barnegrupper fungerer førebyggande for åferdsvanskar. Listar opp kjenneteikn ved «den gode barnehage på Ål». Kva kan trekke innbyggjarar til kommunen?

### **2. FAU Nordbygdene barnehage**

Tek ikkje stilling til alternativ 4 Oppvekstsenter fordi dette alternativet er dårlig definert i høringsdokumentet. I tillegg står det at dei tre andre alternativa er mest aktuelle.

### **3. Samarbeidsutvalet (SU) Sundre barnehage**

Er i mot at tal på barnehageplassar skal reduserast i sentrum der det er størst søker. Meiner større sosiale miljø med større fagmiljø vil ruste barna betre til den verda som ventar dei. Ål kommune bør starte arbeidet med å planlegge ein skule for alle i Ål. Då blir det enklare å få til ein heildagsskule med varm mat kvar dag og der idretts- og kulturtilbod kan kome inn i skulen.

### **4. Samarbeidsutvalet (SU) Torpo barnehage**

Det er viktig for bygda med ein barnehage i nærmiljøet som balanserer frie og styrte aktivitetar. Barnetalet har også tidlegare vore lågt.

### **5. Fagforbundet og Utdanningsforbundet, Sando barnehage**

Dersom barnehagestrukturen i Ål kommune må endrast, meiner tilsette i Sando at alternativ 3 er det beste; redusere ei/to avdelingar i Sundre. Vidare står det i den generelle uttala at to-avdelings barnehage med utvida grupper ikkje fungerer så godt. Sando barnehage har god søker. Kva skjer med grendehusfunksjonen viss bygget blir lagt ned? Kva stilling blir redusert ved nedskalering(assistent, fagarbeider, pedagog)?

### **6. Samarbeidsutvalet (SU) Leveld skule og Nordbygdene barnehage**

Vanskeleg å svare på alternativ 4 om oppvekstsenter fordi dette alternativet er dårlig definert. Har større tru på eit godt og nært samarbeid slik det er i dag. SU-representantane er samde om at alternativ 3 (redusere ei avdeling i Sundre) er det mest tenlege for Ål kommune. Signaliserer eit ynskje om busetnad og liv i alle grender.

### **7. Utdanningsforbundet i Torpo barnehage**

Gode fagfolk er den viktigaste ressursen i barnehagane. Uansett alternativ er det viktig med nok og gode tilsette som arbeider med både hovudet og hjarte.

### **8. Fagforbundet i Torpo barnehage**

Ber om at heile kommunen blir sett under eitt før ein lar sparing gå ut over ungane. Vil behalde Torpo barnehage og tilsette med stort pågangsmot, høgt arbeidsnærvær og god trivsel. Foreslår å fordele barn/elever betre mellom skulekretsane og at denne fordelinga blir gjort når barnet startar i barnehagen.

### **9. Utdanningsforbundet, Nordbygdene barnehage**

Saknar fokus på barnets beste. Fokus på økonomi og innsparing. Ved å legge ned barnehagar går kommunen mot «lys i alle glas», «betre læring» og «felles løft».

### **10. FAU, Sando barnehage**

Sando barnehage er ein friluftsbarnehage som mange ynskjer seg til. Sando barnehage skaper trygge, omsorgsfulle verdsborgarar. Struktur er ikkje berre snakk om tal og økonomi. Sando gir nye ålingar ein god start.

## 2. Oppsummering høyringssvar, skule

<b>1</b>	<b>Same struktur som i dag – ingen endring</b>		
<b>1.1</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske fordelar</b>		
	Mindre klassar, meir tid til kvar enkelt elev på mindre skular	8	<b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Torpo, Elevråd-Leveld, Ål ungdomsråd, SU-Torpo, FAU-Leveld, FAU-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Trygge og oversiktlege miljø, «alle kjenner alle».	6	<b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Skattebøl, Elevråd-Leveld, Ål ungdomsråd, SU-Torpo, FAU-Torpo
	Aldersblanding - god form for tilpassa undervisning, prosjekt på tvers av trinn	6	SU-Leveld/Nordbygdene, SU-Torpo, FAU-Leveld, FAU-Torpo, Utdanningsf.-Leveld, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Gode uteområde til leik og fagleg aktivitet, konfliktdempande, auka arbeidsinnsats	6	Tilsette-Torpo, Tilsette-Skattebøl, SU-Torpo, SU-Leveld/Nordbygdene, Elevråd-Leveld, FAU-Torpo
	Trygg overgang frå barnehage til skule	6	Tilsette-Skattebøl, SU-Leveld/Nordbygdene, Elevråd-Leveld, SU-Torpo, FAU-Leveld, FAU-Torpo
	Felles arrangement for heile skulen styrkar samhaldet mellom skule og heim	6	Tilsette-Skattebøl, Elevråd-Leveld, SU-Torpo, FAU-Leveld, Torpo bygdekvinnlag, Utdanningsf.-Leveld
	Aldersblanding – ein styrke med leik og vennskap på tvers av trinn	5	Tilsette-Torpo, Tilsette-Skattebøl, SU-Leveld/Nordbygdene, FAU-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Lettare å identifisere (avsløre) problem, vere «tidleg på» og sette inn tiltak, tett oppfølging av t.d. fosterbarn	5	Tilsette-Torpo, SU-Leveld/Nordbygdene, SU-Torpo, FAU-Leveld, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Færre tilsette - enklare å lage pedagogisk plattform, pedagogisk utviklingsarbeid	3	Tilsette-Skattebøl, Utdanningsf.-Leveld, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Fint å bli kjent med nye menneske når ein startar på ungdomsskulen	3	Elevråd-Nedre-Ål, SU-Torpo, FAU-ungdomsskulen
	Dei som bur i grendene får kortare skuleveg	2	Elevråd-Nedre-Ål, FAU-Torpo
	Mindre einingar gir større fleksibilitet (ressursar er mindre fastlåst, enklare å organisere på skulenivå)	2	SU-Leveld/Nordbygdene, Utdanningsf.-Leveld
	Det er ikkje skulestorleiken som avgjer om ein skule er god eller ikkje (jmf. Sogn)	2	Vats grendeutval, FAU-Leveld
	Forankring i nærmiljøet gir god kultur for læring	2	FAU-Leveld, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Enklare å få til eit godt skule-heim samarbeid - viktig for god læring	2	Utdanningsf.-Leveld, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Basseng er godt for ungane	1	Tilsette-Torpo
	Positivt med ein eigenart	1	Tilsette-Torpo

	Folk i bygda deltek i undervisning, på arrangement og dugnad	1	SU-Leveld/Nordbygdene,
	Mindre bråk og kjefting gjer at me lærer meir	1	Elevråd-Leveld
	God plass i garderober og klasserom	1	SU-Torpo
	Små klassar gjer det enklare å reise på ekskursjonar	1	SU-Torpo
	Kantine som sosial arena på tvers av trinn	1	SU-Torpo
	Kan velje å søke seg til mindre skular om ein ynskjer/miljøskifte	1	FAU-ungdomsskulen
	Med digitale ressursar og sosiale medium kan små skular ta del i pedagogiske fellesskap og nettverk	1	Utdanningsf.-Leveld
<hr/>			
<b>1.2</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske ulemper</b>		
	Kan bli eit lite og sårbart læringsmiljø for elevane	4	Tilsette-Torpo, Tilsette-Skattebøl, SU-Torpo, FAU-ungdomsskulen
	Lite fagmiljø	3	<b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Torpo, SU-Torpo
	Få elevar kan gi pedagogiske utfordringar, fleire klassetrinn gå i same klasse	3	<b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Skattebøl, SU-Torpo
	Sårbart med få tilsette, kritisk når folk blir sjuke	2	Tilsette-Torpo, SU-Torpo
	Vanskeleg å ha faglærarar i t.d. gym og musikk	2	Tilsette-Torpo, Tilsette-Skattebøl
	Kan vere vanskeleg å få vener i eit veldig lite miljø	1	<b>Fagforbundet i Ål</b> ,
	Vanskeleg å få tak i nyutdanna?	1	Tilsette-Torpo
	Det blir ein stor klasse på Nedre-Ål, ikkje nok elevar til to parallellear	1	Elevråd-Nedre-Ål
	Vanskeleg å organisere spes.ped-undervisning på ein god måte	1	Tilsette-Torpo
	Avstand til støttefunksjonane i Ål kommune	1	SU-Leveld/Nordbygdene
	Elevane kjem med ulik kompetanse til ungdomsskulen	1	Ål ungdomsråd
	Ulike tilbod når det gjeld skulehelseteneste og psykisk helse	1	Ål ungdomsråd
	Utfordrande å drive eit godt fagmiljø på tvers av skular?	1	FAU-ungdomsskulen
	Stor overgang å komme frå ein liten skule til ungdomsskulen	1	FAU-ungdomsskulen
	Vanskeleg å oppfylle kompetansekravet frå 2025	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
<hr/>			
<b>1.3</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske fordelar</b>		
	Skulane er med på å oppretthalde levande bygder; folketal (tomteprisar) og aktivitet i bygdene. Desentralisert struktur er eit verdival. Eit alternativ til kommunar som sentraliserer, (Gol, Hemsedal, Nes)	10	Tilsette-Torpo, SU-Leveld/Nordbygdene, Elevråd-Leveld, SU-Torpo, FAU-Leveld, FAU-ungdomsskulen, Vats grendeutval, FAU-Torpo, Torpo bygdekvinnelag, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Fleire kan gå til skulen. (Fysisk fostring, god folkehelse, mindre transport og mindre tid på skuleveg)	7	Tilsette-Torpo, Tilsette-Skattebøl, SU-Leveld/Nordbygdene, Elevråd-Leveld, Ål ungdomsråd, SU-Torpo, FAU-ungdomsskulen
	Skule i nærmiljøet gir elevane meir lokalkunnskap, generasjonskontakt og betre identitet	6	<b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Skattebøl, SU-Torpo, SU-Leveld/Nordbygdene; Elevråd-Leveld, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Eigarskap til skulen – enklare med dugnad og oppmøte	3	SU-Leveld/Nordbygdene, SU-Torpo, FAU-ungdomsskulen

	Utnyttar bygningsmasse, grendene har gode skulebygg med basseng	2	FAU-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Ingen endring – gir ro rundt skulen	1	<b>Fagforbundet i Ål</b>
	Får nytta sunne utedmiljø med frisk luft og store grøntareal	1	SU-Torpo
	Gir variasjon og meir individuell tilrettelegging for bustadetablering	1	SU-Torpo
	Tilrettelagt innsats for barn med særskilde behov er økonomisk sparing	1	SU-Torpo
	Innbyggjarane kan bruke skulen til diverse møte	1	Torpo bygdekvinnelag
<b>1.4</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske ulemper</b>		
	Dyr drift, det vil vere meir effektivt å samle ressursane ein stad	3	Tilsette-Torpo, Ål ungdomsråd, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Gir driftsutgifter og vedlikehald av fleire skulebygg	3	SU-Leveld/Nordbygdene, Ål ungdomsråd, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Det blir mindre pengar til elevane ved alle skulane i Ål	1	Elevråd-Nedre-Ål
	Enkelte skular treng oppgradering	1	Tilsette-Skattebøl
	Mykje tid går med til køyring for ungar og foreldre	1	SU-Torpo
	Dyr administrasjon	1	SU-Torpo
	Uro i lokalmiljøet med stadig nye strukturdebattar	1	SU-Torpo
	Vanskar med å få til eit fullgodt SFO-tilbod for dei som treng det	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Vanskeleg å fordele økonomi og personale rettferdig med stor skilnad i elevtal, og med ulik organisering av store og små skular	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
<b>2</b>	<b>Legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-Ål</b>		
<b>2.1</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske fordelar</b>		
	Større fagmiljø (større fagkrets)	5	FAU-Nedre-Ål, <b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Skattebøl, Fagforbundet-Nedre-Ål, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Færre overgangar for elevane (frå 4. til 5. trinn)	3	FAU-Nedre-Ål, <b>Fagforbundet i Ål</b> , Fagforbundet-Nedre-Ål
	(Større administrasjon) Fleire støttefunksjonar (t.d. sosiallærarar)	2	FAU-Nedre-Ål, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Same tilbod - lik læring fram til ungdomsskulen	2	<b>Fagforbundet i Ål</b> , Fagforbundet-Nedre-Ål
	Lik fordeling av pedagogiske ressursane til sentrumsnære elevar i 1.-7. trinn	2	Fagforbundet-Nedre-Ål, Utdanningsforbundet-Nedre-Ål
	Opprusting av Nedre-Ål skule	1	FAU-Nedre-Ål
	Meir stabil SFO (med fleire elevar)	1	FAU-Nedre-Ål
	Ein kan halde fram med å dele småskulen på Nedre-Ål i to parallellear	1	Elevråd-Nedre-Ål
	Større vaksentettleik på Nedre-Ål	1	<b>Fagforbundet i Ål</b>
	Større utval av jamaldringar	1	Ål ungdomsråd
	Nedre-Ål er flink til å bruke nærmiljøet, har ikkje så dårlig uteområde	1	Fagforbundet-Nedre-Ål
<b>2.2</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske ulemper</b>		
	Uteområde på Skattebøl innbyr til meir leik enn uteområdet på Nedre-Ål	5	Elevråd-Nedre-Ål, Fagforbundet i Ål, Tilsette- Skattebøl, FAU-Skattebøl, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Trongare og større klassar – fleire elevar på same areal som no	4	FAU-Nedre-Ål, Elevrådet-

			Nedre-Ål, <b>Fagforbundet i Ål</b> , Fagforbundet-Nedre-Ål
	Nedre-Ål må vere klargjort til å ta i mot elevane, klasserom og uteområde	2	FAU-Nedre-Ål, Elevråd-Nedre-Ål
	Større miljø – kan bli utrygt for dei minste elevane (i byrjinga)	2	Tilsette-Skattebøl, Fagforbundet-Nedre-Ål
	Lang ombyggingsprosess?	1	FAU-Nedre-Ål
	SFO treng å bruke klasserom – kan bli bruk for fleire tilsette	1	Fagforbundet-Nedre-Ål
	Fryktar det blir gjennomført som eit sparetiltak	1	Utdanningsforbundet-Nedre-Ål
	Har vore eit positivt skifte å få nye elevar inn frå 5. trinn	1	Utdanningsforbundet-Nedre-Ål
	Nedre-Ål har plass, men eit «kronglete bygg» gir fysiske utfordringar	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Det krev tid og ressursar å smelte saman to kulturar	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
<hr/>			
<b>2.3</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske fordelar</b>		
	Betre utnytting av ressursane	2	FAU-Nedre-Ål, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Færre lærarar?	1	Tilsette-Skattebøl
	Liten ombyggingskostnad	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Unngår å bruke pengar på utbetringar ved Skattebøl skule	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
<hr/>			
<b>2.4</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske ulemper</b>		
	Eit nærmiljø mistar skulen	2	<b>Fagforbundet i Ål</b> , <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Lengre og därlegare skuleveg for ein del elevar	2	<b>Fagforbundet i Ål</b> , Ål ungdomsråd
	Skattebøl og Nedre-Ål er begge bærekraftige skular	2	SU-Skattebøl, FAU-Skattebøl
	Byggjer ned ein skulestruktur som fungerer bra	1	Tilsette-Skattebøl
	Behov for utbetring av SFO og uteområdet ved Nedre-Ål	1	FAU-Skattebøl
	Tomt skulebygg, etterbruken?	1	<b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
<hr/>			
<b>3</b>	<b>Samle elevane på barnetrinnet i ein ny barneskule</b>		
<b>2.1</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske fordelar</b>		
	Større (og meir variert) fagmiljø (utnytte lærarkreftene meir optimalt)	6	FAU-Nedre-Ål, Tilsette-Torpo, Tilsette-Skattebøl, SU-Torpo, FAU-ungdomsskulen, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Alle elevane i kommunen får (i teorien) same tilbod, felles pedagogisk plattform	5	<b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Torpo, SU-Leveld/Nordbygdene, Ål ungdomsråd, SU-Torpo
	Nytt moderne bygg med betre fysiske tilhøve, ein meir attraktiv arbeidsplass	3	FAU-Nedre-Ål, <b>Fagforbundet i Ål</b> , SU-Leveld/Nordbygdene
	Kan integrere SFO, leksehjelp, kulturskule og aktivitetar i skuledagen – mindre køyring	3	FAU-Nedre-Ål, <b>Fagforbundet i Ål</b> , FAU-Skattebøl
	Fleire felles støttefunksjonar (t.d. sosiallærarar)	2	FAU-Nedre-Ål, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Enklare å samarbeide med PPT og skulehelsetenesta	2	Tilsette-Torpo, SU-Torpo
	Lettare å bruke faglærarar	2	Tilsette-Torpo, SU-Torpo
	Meir attraktivt for nyutdanna?	2	Tilsette-Torpo, SU-Torpo

	Færre overgangar for elevane	2	FAU-Nedre-Ål, <b>Fagforbundet i Ål</b> ,
	Felles foreldregruppe – samlande for kommunen.	1	FAU-Nedre-Ål
	Nytt og betre uteområde	1	FAU-Nedre-Ål
	Lik lærartettleik for alle elevane	1	<b>Fagforbundet i Ål,</b>
	Lettare å organisere og drifta spes.ped-undervisninga på ein god måte	1	Tilsette-Torpo
	Større elevgruppe - fleire å leike med og større læringsmiljø	1	SU-Torpo
<hr/>			
<b>2.2</b>	<b>Pedagogiske og organisatoriske ulemper</b>		
	Lang skuleskyss for mange elevar som blir slitne (meir forureining, utrygt, barns beste?)	10	Torpo il., <b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Skattebøl, SU-Leveld/Nordbygdene, Elevråd-Leveld, SU-Torpo, FAU-Leveld, FAU-ungdomsskulen, Vats grendeutval, Utdanningsforb.-Leveld
	For stor elevgruppe (mange elevar samla på ein stad – særleg for dei minste)	5	FAU-Nedre-Ål, <b>Fagforbundet i Ål</b> , Tilsette-Skattebøl, Elevråd-Leveld, SU-Torpo
	Fleire elevar treng skyss til skulen, blir mindre aktive	4	FAU-Nedre-Ål, Elevråd-Nedre-Ål, Torpo il, Elevråd-Leveld,
	Elevar får ikkje høve til skulebyte og å starte med «blanke ark».	3	FAU-Nedre-Ål, Tilsette-Skattebøl, SU-Torpo
	Elevar som treng skyss heim får dårligare tilgang til SFO og leksehjelp	2	SU-Leveld/Nordbygdene, Utdanningsforb.-Leveld
	Større klassar, ikkje lett å sjå (bli kjent med) kvar enkelt elev	2	Ål ungdomsråd, SU-Torpo
	Vanskelegare å oppdage ulike behov/vanskar hjå elevane	2	Ål ungdomsråd, SU-Torpo
	Vanskelegare å reise på spontane ekskursjonar	1	SU-Torpo
<hr/>			
<b>2.3</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske fordelar</b>		
	Betre utnytting av ressursar (enklare å drifta eit godt fagmiljø, stordriftfordelar)	4	FAU-Nedre-Ål, FAU-ungdomsskulen, Utdanningsforb.-Leveld, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Alle pengane blir samla på ein skule, jamnare fordeling	3	Elevråd-Nedre-Ål, SU-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Meir effektiv utnytting av lærarressursane i kommunen	3	Tilsette-Torpo, Ål ungdomsråd, SU-Torpo
	Kan vere med på å styrke Ål som sentrum	2	Tilsette-Torpo, SU-Torpo
	Nytt skulebygg	1	Tilsette-Skattebøl
	Innsparing? (det spørst korleis ein ser det)	1	SU-Leveld/Nordbygdene
	Mindre vedlikehald av gamle bygg	1	Ål ungdomsråd
	Går på same skule som dei du er saman med på fritidsaktivitetar	1	SU-Torpo
	Meir effektiv skyssordning når alle elevane skal til same stad	1	SU-Torpo
	Kjem nærmare ulike tilbod som er på Sundre	1	SU-Leveld/Nordbygdene
<hr/>			
<b>2.4</b>	<b>Samfunnsmessige og økonomiske ulemper</b>		
	Negativ konsekvens for busetjing i grenadene (forgubbing og på sikt svakare kommuneøkonomi)	10	Elevråd-Nedre-Ål, Tilsette-Torpo, Tilsette-Skattebøl, SU-Leveld/Nordbygdene, SU-Torpo, FAU-Leveld, FAU-

			ungdomsskulen, Vats grendeutval, FAU-Torpo, Utdanningsforb.-Leveld
	Meir foreldrekjøring til aktivitetar i sentrum på ettermiddagen (med t.d. jobb på Gol). Tidsklemme og dårligare livskvalitet	7	Torpo il., Tilsette-Torpo, SU-Torpo, FAU-ungdomsskulen, Vats grendeutval, FAU-Torpo, Utdanningsforb.-Leveld
	Kva gjer ein med den eksisterande bygningsmassen? (forfall) Etterbruk?	5	Tilsette-Torpo, SU-Torpo, Vats grendeutval, FAU-Torpo, <b>Utdanningsforbundet-Ål</b>
	Lokalsamfunn mistar eit kulturelt og sosialt samlingspunkt	5	Torpo il., SU-Leveld/Nordbygdene, FAU-Leveld, Utdanningsf.-Leveld, <b>Fagforbundet i Ål</b>
	Dyrt å bygge ny skule – gir finanskostnad meir innsparing?	4	FAU-Nedre-Ål, Tilsette-Skattebøl, Ål ungdomsråd, FAU-Leveld
	Unødvendig mykje tid og ressursar går med til organisering og skyssing av elevar	3	SU-Leveld/Nordbygdene, Ål ungdomsråd, Tilsette-Torpo
	Færre fritidstilbod i grondene (svekka identitet)	2	Torpo il, FAU-Torpo
	Behov for «bussassistent» på del lengste bussrutene	2	SU-Leveld/Nordbygdene, Vats grendeutval
	Vil det bli dårligare bustadpris i bygdene?	2	Tilsette-Torpo, SU-Torpo
	Kva skjer med bygdene?	1	<b>Fagforbundet i Ål</b>
	Mindre attraktivt næringsliv, jordbruksressursen blir ikkje forvalta	1	SU-Torpo

## Høyringssvar skule - oppsummering generelle kommentarar

I denne oversikten er det teke med eit utval og ei kort oppsummering av dei generelle kommentarane i høyringssvara. Heile høyringssvaret ligg i sak 18/00293.

### 1. FAU v/Nedre-Ål skule

Vedtak: Det er, uansett politisk vedtak skulestruktur, viktig at ei eventuell skulesamanslåing er grundig gjennomarbeidd og førebudd. Og at ein no blir ferdig med å diskutere skulestruktur ein gong for alle. FAU ved Nedre-Ål trur ein uansett kan ende opp med ein storskule i kommunen om nokre år (pga fødselstal), og då er det betre å ta steget fullt ut no enn å køyre ein omfattande prosess fleire gonger.

### 2. Torpo idrettslag

Understrekar alle kvalitetane ved Torpo og etterlyser betre marknadsføring av bygda. Torpo treng fleire byggeklare tomter og ein garanti for at det i framtida blir barnehage og skule i bygda. Argumenterer mot ein storskule i Ål; skuleskyss, færre aktivitetar og lokalsamfunnet vil miste samlingspunktet.

### 3. Tilsette ved Torpo skule

Har laga ei samling med ulike synspunkt utan å konkludere. Meiner i tillegg det er viktig å vurdere

- Erfaringar frå kommunar som har lagt ned bygdeskulane for 10-20 år sidan.
- Reelle kostnadar ved bygging av ny skule og drift av gamle skulebygg.
- Kor går grensa for kva som er akseptabelt elevtal.
- Kommunen må gjere eit val og marknadsføre det kommunen vil satse på.
- Ein sentrumsskule vil bli opplevd verst for dei som alt bur i bygdene. Folk som flytter til vil ta eit aktivt val med tanke på nærleik til skule og sentrum.

#### **4. Tilsette ved Skattebøl skule**

Etter å ha vurdert fordelear og ulemper ved ulike alternativ meiner dei tilsette at det er best å halde på den strukturen som er i dag. I bygdekommunar må ein akseptere svingingar i elevtalet. Kva er den nedre grensa for elevtalet ved ein skule? Nedre-Ål ynskjer mindre klassar, så kvifor fylle på med elevane frå Skattebøl. Blir læringsmiljøet betre ved ein større skule?

#### **5. Samarbeidsutval (SU) Leveld skule/Nordbygdene barnehage**

Det er uheldig at pedagogikken i fådelte skular ikkje er betre utgreidd i rapporten. Det er uklart og diffust kva som ligg i alternativet med oppvekstsenter. SU meiner dagens struktur totalt sett er til barnets beste og at fådelt skule eller eventuelt oppvekstsenter i glandene er eit betre alternativ enn å bygge ein stor skule i kommunen.

#### **6. Elevrådet Leveld skule**

Det er bra med fleire og ulike skular i Ål. Det er å skape verdi å bruke meir peng på skulen.

#### **7. Ål ungdomsråd**

Ser ingen fordelar ved å legge ned Skattebøl skule, kva tenkjer administrasjon og politikarar om utearealet til elevane? Kvifor Skattebøl (i staden for Leveld og Torpo)? Ungdomsrådet ser både fordelar og ulemper med alternativ 1 og 3, men ynskjer at ei eventuell nedlegging av glandeskulane blir utsett nokre år.

#### **8. Samarbeidsutvalet (SU) Torpo skule**

Etterlyser: Erfaringar frå andre kommunar som har samla elevane på ein skule, erfaringar frå kommunar som driv fådelte skular, meir forsking på læringsutbytte og sosial læring ved store kontra små skular, reell kostnad ved ein ny skule og alternative plasseringar, meir offensiv bustadpolitikk i glandene. Foreslår: Billige tomter til unge etablerarar, tilskot til unge som byggjer bustad i kommunen, ver raus med byggesøknadane.

#### **9. FAU, Leveld skule**

Ål kommune bør dyrke glandeskulen som ein del av merkevara og bruke dette som verkemiddel for å dra folk til kommunen. Saknar ein betre presentasjon/vurdering av fådelt skule og aldersblanding i høringsdokumentet. Er positive til ein fådelt skule med aldersblanding. Samarbeid, relasjonskompetanse, systemforståelse og evne til kompleks problemløysing er tema glandeskulane kan møte like godt som større skular.

#### **10. FAU, Skattebøl skule**

Saknar informasjon om praksis og omfang av spesialpedagogiske tiltak ved dei ulike skulane. Gitt prognosane, slik dei er skisserte i høringsdokumentet slår til, ønsker FAU Skattebøl at Ål kommune byggjer ein ny felles barneskule i sentrum. Understrekar at kommunen bør halde på dagens struktur fram til ny skule står klar. Ser verken samfunnsmessige, økonomiske, pedagogiske eller organisatoriske fordelar med trinnvis overgang.

#### **11. Fag forbundet, Nedre-Ål skule**

Ser det som naturleg at det blir ein sentrumsskule. Ynskjer eige SFO-hus med meir uteplass ved ei eventuell samanslåing. Er det fornuftig å vedlikehalde fleire «halvgamle skular»?

#### **12. FAU, Ål ungdomsskule**

Ynskjer å halde fram med prinsippet om at alle skal kome i klasse med nokon dei kjenner frå før når dei kjem til ungdomsskulen.

#### **13. Vats grendeutval**

Ein desentralisert struktur vil vera med å oppretthalde dei levande glandene i Ål og vil kunne gje tilflytting. Lang skuleveg er ikkje til barns beste. Ber formannskapet vurdere; Tilbod om leksehjelp ved ein sentralskule, transportkostnad og behov for tilsyn, meir køyring frå og til fritidsaktivitetar og SFO – kva med livskvaliteten, verdi på hus og eigedom og konsekvensar for turismen, etterbruk og vedlikehald av nedlagde skule- og barnehagebygg.

#### **14. Samarbeidsutvalet (SU), Skattebøl skule**

Ser ingen grunn til å legge ned Skattebøl skule som er billeg i drift og med god elevtilgang i overskueleg framtid. Kritisk til framlegg om å foreslå å legge ned Skattebøl. Ikke del av

mandatet til arbeidsgruppa. Feigt å ikkje ta føre seg andre skular med mindre elevtilstrøyming.  
Viser til eigne uttaler frå FAU og tilsette.

## **15. Ål Venstre**

Med bakgrunn i folketalsutvikling, behov for skule i nærmiljøet for dei yngste borna, avgrensa økonomisk handlerom og tilbakemeldingar frå innbyggjarane, foreslår Ål Venstre at Skattebøl, Leveld og Torpo skule har 1.-4. trinn og at Nedre-Ål samlar elevane i 5.-7. trinn. Vil ha denne modellen utgreidd fordi det er investert mykje i skulebygg dei siste åra, får behalde skular og barnehagar i grendene og alle elevane i kommunen får same tilbod frå 5. trinn.

## **16. FAU, Torpo barnehage og Torpo skule**

Torpo bør bevarast sjølv om det blir som fådelt skule. Peikar på fleire alternativ i staden for nedlegging av skulen: Flytte kretsgrenser (Sando/Liagardane til Torpo), betre marknadsføring av Ål og økonomiske tiltak for bustadkjøparar, senke barnehage/SFO-satsen for å auke tilflyttinga. Saknar konkret plassering av ein eventuelt ny skule.

## **17. Tankar frå ein innflytta**

Argumenterer for å ta vare på mangfaldet med mindre grendeskular som eit middel for å auke tilflytting av familiar som ynskjer å kome vekk frå tidslemma.

## **18. Torpo bygdekvinnelag**

Skulen er eit viktig samlingspunkt og skapar eit godt miljø i grenda og er viktig for at utflytt ungdom skal vende attende til grenda. Ber om at kommunen legg til rette for busetting og bedriftsetablering på Torpo. For å nytte den gode plassen Torpo har, kan ein ha 1.-4. trinn på Torpo og 5.-7. trinn på Ål.

## **19. Utdanningsforbundet, Nedre-Ål skule**

Færre elevar på Nedre-Ål kan gi betre plass både inne og ute til aktivitetar for elevane og betre arbeidstilhøve for tilsette. Vil oppheve nærskuleprinsippet og tilby elevane fritt skuleval. Ber om at det blir gjort eit langsiktig vedtak om struktur.

## **20. Petter Watne (far)**

Ber kommunen respektere innbyggjarane og oppretthalde grendeskulane. Ser ikkje alternativet med å legge ned Skattebøl skule som eit seriøst alternativ. Alternati 3 blir pynta på, er i realiteten eit risikabelt prosjekt. Ber om at elevutjamning blir vurdert for å kunne oppretthalde grendeskulane og sunne læringsmiljø.

## **21. Utdanningsforbundet, Leveld skule**

Ser fordelar og ulemper med alle alternativ, men meiner det er viktig å ikkje presentere aldersblanda grupper som därleg undervisning og fådelt skule som ei därleg løysing. Ei «effektivisering» av skulen i Ål vil forsterke nedgangen i folketal. Ål bør tilrettelegge for dei få, i nasjonal samanheng, som vel å bu i små grender. Skal grendene vere gode å bu i, må det det vere eit tilbod om barnehage og skule der.

## **22. Håvard Holeplass**

Vil oppretthal Skattebøl skule med 1.-4. trinn fordi skulen har eit godt læringsmiljø og trygt og godt sosialt miljø. Er redd barnefamiliar kan velje ein annan kommune viss skulen blir lagt ned.

## **23. Utdanningsforbundet i Ål**

Viser til forskingsfunn som viser at fådelte skular kan gje både betre sosial læring og meir tilpassa undervisning. Meiner vekslande elevtal ikkje nødvendigvis er ei organisatorisk utfordring. Større fagmiljø er ikkje nødvendigvis betre. Solid leiing som legg til rette for samarbeid er akilleshælen. Nedre-Ål kan få eit godt uteområde med bruk av skuleparken og fleire leikeapparat på skuleplassen. Kommenterer også at nokre av bygga har gode etterbruksmogelegeheter. Avsluttar med at god læring i både barnehage og skule oppstår når solide fagfolk samarbeider under stødig leiing. Frå skulestart er læraren viktigare enn storleiken på bygningen. Ein god lærar har solid fagkompetanse, har evna til å formidle faget, kan leie undervisningsarbeidet og har evna til å ha ein god relasjon med elevane.

### 3. Oppsummering av EasyQuest

383 enkeltpersonar svara på spørjeundersøkinga.

#### 1. Eg har lese høyringsdokumentet om barnehage- og skulestruktur?

JA: 240      NEI: 33      DELVIS: 108

#### 2. Eg har deltatt på informasjonsmøte som administrasjonen har hatt på skulen eller i kulturhuset.

JA: 167      NEI: 214

#### 3. Kva krins høyrer du til?

Skattebøl: 90

Sentrums: 84

Sando: 41

Torpo: 70

Nordbygdene: 90

Andre alternativ: 8      (Vats-2, Vestlie-1, Utflytt-1, Nedre-Ål-1, Leveld/Nedre-Ål-1,  
Skattebøl/Nedre-Ål-1, bur i Leveld, arbeider i sentrum-1)

#### 4. Alder:

0-15: 5, 16-24: 21, 25-34: 101, 35-44: 140, 45-54: 81, 55-64: 31, 65→: 4

#### 5. Kjønn:

Kvinne: 235      Mann: 122

#### 6. Set kryss om du:

Har barn i barnehage: 89, har elev i skulen: 180, planlegg å få barn i nær framtid: 24, har ikkje barn i barnehage/skule: 83, er elev i skulen: 7

#### 7. Det er lagt fram ulike løysingar til barnehagestruktur. Set eit kryss for kvart utsegn

Eg meiner den beste løysinga er å:	Einig	Delvis einig	Veit ikkje	Delvis ueinig	Ueinig
nedskalere drifta i barnehagane og behalde dagens struktur	115	91	22	34	110
legge ned ein av dei fire minste barnehagane	40	29	19	45	239
redusere drifta i Sundre barnehage med ei avdeling	211	54	47	18	49
opprette oppvekstsenter (barnehage og skule er organisert i ei eining) når årskulla blir små	59	72	56	49	135

#### 8. Det er lagt fram ulike løysingar til skulestruktur i Ål. Set eit kryss for kvart utsegn

Eg meiner:	Einig	Delvis einig	Veit ikkje	Delvis ueinig	Ueinig
Ål kommune bør halde på dagens struktur	217	74	12	30	46
elevane på Skattebøl kan gjerne gå på Nedre-Ål skule	97	67	21	45	141
det er best å samle alle elevane i 1.-7. trinn på ein skule i Ål	56	43	11	39	224

**9. Har du forslag til andre løysingar for barnehage og skulestruktur i Ål (Oppsummering):**

		<b>BARNEHAGE</b>	
1	Legge ned Sando barnehage		7
2	Skalere ned drifta i Sundre		4
3	Felles leiing skule/barnehage		2
4	Må ikkje redusere på tilsette i barnehagen, om nødvendig heller samle meir		1
5	Ynskjer ferie-SFO i samarbeid med lokal barnehage		1
6	Legge ned barnehagane Sundre og Skattebøl og gjere Skattebøl skule om til barnehage for Ål vest og utvide Sando til barnehage for Ål øst. Frigjer tomter til bustadutvikling		1
7	Flytte Torpo barnehage til Torpo skule		1
		<b>SKULE</b>	
1	1.-4. trinn på Skattebøl, Torpo og Leveld. 5.-7. trinn på Nedre-Ål (eventuelt samdrift med barnehagen)		24
2	Flytte kretsgrensene for å fylle opp grendeskulane		13
3	Flytte elevane i Skattebøl til Nedre-Ål skule (må gjere noko med uteområdet, Skattebøl er ein naturleg del av sentrum, krev betre arbeidsplassar for dei tilsette, kan ikkje skje før i 2021 når det blir færre elevar)		12
4	Kommunen bør vere meir fleksibel og innføre fritt skuleval (gratis skyss til elevar som flytter ut i distriktet)		9
5	Viktig å halde på grendeskulane (gir betre hjelp til enkeltelvar, må sette inn tiltak for å auke tilflyttinga)		9
6	Ein felles skule for alle elevane på barnetrinnet (større fagleg og sosialt miljø, krev ei ombygging av Nedre-Ål skule, treng ein ny skule med større uteareal enn det Nedre-Ål har, montesorriskule i Prestegarden er eit alternativ som kan gje tilflytting)		9
7	Fordele elevane mellom Nedre-Ål og Skattebøl betre (1. og 2. trinn til Skattebøl og 3. og 4. trinn til Nedre-Ål, fordele 1.-4. trinn likt mellom dei to skulane, aktive tiltak for elevutjamning		8
8	Innføre to administrative nivå. Rektorane rapporterer direkte til rådmannen (fjerne stillinga som oppvekstleiar, kutte stillingar på oppvekstkontoret – økonomi kan overta oppgåvene)		3
9	Færre leiarstillingar (felles administrasjon Skattebøl og Nedre-Ål, ambulerande rektor)		3
10	Fådelte skular er ikkje därlege skular. Alternativet er verre		2
11	Bruke nedlagde bygg til å utvikle praktiske tilbod for elevar		1
12	Skattebøl har godt uteområde og er det beste alternativet for elevane		1
13	Bør avvente kva som skjer med Ål vgs.		1
14	Ynskjer ny SFO i Prestegarden		1
15	La ting bero, barnetalet kan stige		1
16	Ynskjer mindre fokus på økonomi og meir på innhald		1
17	Samle 1.-3. trinn på Skattebøl og 4.-7. trinn på Nedre-Ål (heile kommunen)		1
18	Viktig med ein felles innsats for å skape liv i sentrum, vil gi tilflytting		1

**10. Lågt elevtal vil føre til at Leveld, Torpo og Skattebøl blir fådelte.**

Her er nokre påstandar. Set eit kryss for kvar påstand	Einig	Delvis einig	Veit ikkje	Delvis ueinig	Ueinig
Ål kommune bør bruke ressursar på å oppretthalde ein desentralisert struktur	228	63	17	22	49
Det er viktig at elevane går på skule i nærområdet sjølv om elevtalet er lågt	227	70	10	35	37
Fådelt skule med aldersblanding av elevar er eit godt alternativ til fulldelt skule	175	74	36	40	55
Eit skulemiljø med t.d. 5-8 elevar på trinna kan bli for lite	77	68	28	95	112
Det er sunt at elevar skifter miljø, at dei skiftar skule i løpet av barneskulen	80	90	38	57	114
Dersom det blir få elevar på ein skule over tid, meiner eg skulen bør leggjast ned	70	45	22	86	156
Breidde og fleksibilitet i det pedagogiske miljøet er viktigare enn å oppretthalde nærskulen	70	69	38	90	109
Det er viktig for læringsmiljøet at elevane går i ein stor klasse	25	47	24	83	200

## 11. Lågt barnetal i kommunen gir overkapasitet i barnehagane

	Einig	Delvis einig	Veit ikkje	Delvis ueinig	Ueinig
Det er greitt å redusere opningstida når det blir færre tilsette	59	98	29	59	133
Det er viktig å oppretthalde eit barnehagetilbod i grendene	267	59	14	24	15
Det er ei god løysing å berre tilby fem-dagars plassar	111	64	58	40	105
Det er viktig å sikre drift med lik opningstid i alle barnehagane i Ål	181	69	41	52	36
Det kan vere ei god ordning å slå saman barnehageavdeling og SFO i grendene	124	109	55	34	56
Færre barn og tilsette kan gjere det vanskeleg å ivareta pedagogisk kvalitet og fleksibilitet	86	90	40	61	102
Det er ei god løysing å redusere Sundre barnehage med ei avdeling for å styrke dei andre barnehagane	227	59	37	21	35

## 12. Andre innspel:

	Innspel	Tal
1	<p>Viktig å ha barnehage og skule i grenda</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunen har tidlegare sagt at det er ynskjeleg med «lys i alle glas»</li> <li>- Meir enn berre spørsmål om struktur → levande grender med tilflytting</li> <li>- Desentralisert struktur kan vere positiv marknadsføring</li> <li>- Satsing på grendene gjer Ål unik – ein av kvalitetane våre</li> <li>- Aktivitet i grendene gir identitet og tilbakeflytting</li> <li>- Gir vekst og busetting i heile kommunen</li> <li>- Betre overgang barnehage-skule</li> <li>- Læring i nærmiljøet er bra (forskar Rune Kvalsund)</li> <li>- Kan bruke barnehagen og skulen som lokal kulturarena</li> <li>- Hadde ikkje flytta til kommunen viss det ikkje var skule i bygda</li> <li>- Større eigarskap og dugnadsvilje</li> <li>- Orkar å reise på fritidsaktivitetar på ettermiddagen (Liatoppen/Sundre)</li> <li>- Tilbod om leksehjelp blir meir reelt</li> <li>- Mindre behov for spes.ped</li> <li>- Unngår forfall; verditap på bustadar og attgrodde kulturlandskap</li> <li>- Enklare å bringe/hente for besteforeldre (barnehage/SFO)</li> <li>- Respekterer meiningsa til mindretal som bur i grendene</li> <li>- Nedlegging er endeleg, vanskeleg å starte opp igjen – usikre samfunnstrendar</li> <li>- Kan få konsekvensar for elevtalet viss barnehagen blir lagt ned</li> <li>- Gir rom for ulike arbeidsplassar for tilsette i oppvekstsektoren</li> <li>- Tungvint å levere i SFO på Sundre når ein bur på Torpo og jobbar på Gol</li> <li>- Eit minimum er å behalde 1.-4. trinn i grendene</li> <li>- Betre å flytte fagfolk enn elevar</li> <li>- Ein ny storskule kostar for mykje</li> </ul>	22
2	Mange har kommentert denne påstanden: Breidde og fleksibilitet i det pedagogiske miljøet er viktigare enn å oppretthalde nærskulen.	15
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Er ikkje avhengig av storleiken</li> <li>- Blir ikkje betre skule av å samle alt i sentrum</li> <li>- Aldersblanding og maks 15 elevar gir den beste læringa</li> <li>- Ingen motsetnad mellom gredeskule og god pedagogikk. viser til Sogn</li> <li>- Skulen blir ikkje dårlegare med færre lærarar</li> </ul>	
3	Redusere avdelingar i Sundre barnehage er beste alternativet	10
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Held oppe opningstid og kvaliteten ved dei andre barnehagane</li> <li>- Stimulerer tilflytting av småbarnsforeldre til grendene</li> <li>- Betre plass i Sundre</li> <li>- Gir innsparing av personal og ass.styrar</li> <li>- Enklare å starte opp igjen</li> </ul>	
4	Kritiske merknadar til spørjeundersøkinga (i tillegg til pkt. 2)	8

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva er «stor» klasse? I forsking blir 12 elevar rekna som ideelt</li> <li>- Enten fakta som alle må vere einige i, eller påstandar som det er vanskeleg å svare på. Bør ikkje legge stor vekt på denne «spørjeundersøkinga».</li> <li>- Var vanskeleg, måtte få hjelp med utfyllinga</li> <li>- Lada problemstillingar</li> <li>- Folk vil svare feil for dei forstår ikkje kva dei svarar på</li> <li>- Skuffande därlege spørsmål, legg opp til nedlegging av Skattebøl og ikkje barns beste</li> <li>- Kva er få elevar i utsagnet «dersom det blir få elevar over tid, meiner eg skulen bør leggjast ned»?</li> <li>- Saknar spørsmål om det samfunnsmessige perspektivet</li> <li>- Saknar spørsmål om skuleveg</li> </ul>	
5	<p>Fådeltskule er eit godt alternativ</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Barn utvekslar kunnskap på tvers av alder, yngre lærer av eldre</li> <li>- Ikkje storleiken som avgjer</li> <li>- Relasjon lærar/elev er det viktigaste for god læring</li> <li>- Gir identitet og tilbakeflytting</li> <li>- Utviklar toleranse, må samhandle med alle</li> <li>- Er 5-8 elevar på trinnet for lite? Kva med samanslåtte klassar?</li> <li>- Saknar ei meir offensiv haldning til fådeltskulen</li> </ul>	7
6	<p>Argumenterer for å behalde Skattebøl skule</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Uteområdet på Skattebøl er gull verdt og må verdsetjast</li> <li>- Nedre-Ål har knøttilten uteplass</li> <li>- Generasjonsskifte i Granhagen – vil få tilflytting av familiar</li> <li>- God overgang frå barnehagen</li> <li>- Stort press på Nedre-Ål, slitsamt for tilsette</li> <li>- Mindre bruk for spes.ped i mindre klassar</li> <li>- Godt fagmiljø på Skattebøl</li> <li>- Alle, både elevar og tilsette, kjenner kvarandre</li> <li>- Positivt å vere dei eldste (4. trinn), modne for å utvide nettverket i 5. trinn</li> <li>- Endra kretsgrenser vil kunne gi fleire elevar til Skattebøl</li> <li>- Bør ta fram igjen alternativet med å samle alle sentrumselevane dei tre første åra på Skattebøl</li> <li>- Friområda er i bruk på ettermiddagstid, gjer busetjing attraktivt</li> <li>- Uheldig at Skattebøl skule er det einaste konkrete nedleggingsframlegget</li> </ul>	6
7	<p>Skuleskyss</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Folkehelsegevinsten med å gå/sykle til skulen blir underkommunisert</li> <li>- Det er for lenge med to timer på buss for dei yngste elevane</li> <li>- Manglande tilsyn – mobbing kan skje</li> <li>- Foregår ting på bussen som ikkje passar for dei yngste elevane</li> <li>- Slitne/ukonsentrerte elevar</li> <li>- Mindre tid til andre aktivitetar på ettermiddagen</li> </ul>	5
8	<p>Oppvekstsenter</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gir høve til pedagogisk utveksling mellom skule og barnehage</li> <li>- Ein føresetnad at det omfattar ungane frå barnehage til og med 7. trinn</li> <li>- 1.-4. trinn på grendeskulane og felles sentrumsskule 5.-7. trinn</li> <li>- Kan passe for Torpo og Leveld/Nordbygdene</li> </ul>	5
9	<p>Manglar i høyridingsdokumentet</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulefaglege/pedagogiske og samfunnsmessige forhold er for därleg utgreidd. Kva skjer når bygda mistar nærskulen?</li> <li>- Det økonomiske perspektivet får for stor plass</li> <li>- Svakheit at ingen i arbeidsgruppa er knytt til Skattebøl</li> <li>- Saknar ei objektiv framstilling av det pedagogiske tilbodet ved små og store skular</li> <li>- Paradoks at Nedre-Ål deler klassar i mindre grupper når ikkje høyridings-dokumentet framhevar det positive med små elevgrupper i greneskulane</li> </ul>	5
10	Kan ikkje krysse av for fleire alternativ viss ein har barn i både barnehage og skule, eller har barn og planlegg fleire	3
11	God idé å redusere opningstida i barnehagen i samarbeid med foreldre som i Torpo	2

12	Fritt skuleval - Dei som vil gå på Torpo må få lov til å gå på Torpo skule - Er det enklare å få overflytting til Nedre-Ål? - Bør ta hensyn til kor foreldre ynskjer at barna skal gå	2
13	Viktig å prioritere gode uteområde i både barnehage og skule. Ål vil vere ein friluftsommune	2
14	Trivsel viktigare for læring enn breitt pedagogisk miljø - Mindre stress på resultat vil gi mindre spesialundervisning - Enklare å fange opp elevar som slit i mindre, trygge miljø	2
15	Viss barnehage må leggjast ned bør det bli Sando – minst konsekvens for samarbeid med skule	2
16	Tilsetje ekstra lærar som kan flytte rundt ved sjukdom, betre enn å flytte elevar	1
17	Fagkompetanse blir ei utfordring for heile kommunen, må kunne flyttast på	1
18	Viktig med kvalitet i barnehagen og at barnehagen tek i bruk fasilitetar som ferieparken, skuleparken og Bråta	1
19	Same skule i 7 år er greitt, men ikkje 10	1
20	I ein mindre barnehage er det lettare å skreddarsy opningstid og personalbruk etter behov – ingen barn treng barnehagar 5 dagar, er samfunnspålagt	1
21	Redusert barnetal blir brukt som argument for å spare pengar i ein kommune med eigedomsskatt og elektronisk straummåling, og som brukar peng på flott sjukehus og unødvendig kulturhus. På tide med nye folk på Tingstugu som kan handtere peng betre	1
22	Leiinga må vere tettare på barnehage og skule i kvardagen for å utvikle/skape det ein ynskjer	1
23	Skule og barnehage bør samarbeide om SFO-tilbodet. Betre økonomi og det sikrar eit fullgodt tilbod for alle	1
24	Trur tilflyttinga kan bli større enn 10 %. Teknologi, ynskje om nærleik til natur og miljøbevisstheit kan gjera Ål attraktiv viss kommunen held på nærskulen	1
25	Kommunen bør arbeide med gode fagmiljø på tvers av skulane	1
26	Barnehage- og skulestruktur må avgjerast på ein demokratisk måte som del av valkamp i lokalvalet	1
27	For ny-tilflytte må kommunen må kunne tilby kommunal bolig, barnehageplass og garantere for ferie-SFO	1
28	Flytte kretsgrenser	1
29	Må be om at fleirtalet av fagfolka i sektoren bestemmer. Det blir den beste løysinga ikkje prega av kompromiss, følelsar og politikk	1

## 4. Kommentar til spørsmål og problemstillingar frå høyringa

I dette kapittelet kommenterer arbeidsgruppa spørsmål og problemstillingar som har kome fram i høyringa.

### 1. Om barnehagestruktur

Mange er bekymra for at ei for stor nedskalering av drifta i barnehagane vil svekke fagmiljøet i barnehagen og gjera det vanskeleg å halde på dagens opningstid. Å legge ned ein av to-avdelingsbarnehagane vil styrke driftsgrunnlaget til dei andre barnehagane. Med dagens behov bør likevel ikkje kommunen legge ned ein heil barnehage. Det er også vanskeleg å starte opp igjen ein nedlagt barnehage om barnetalet aukar. Eit stort fleirtal i høyringa meiner det er enklast å stenge ei eller to avdelingar i Sundre, den største barnehagen. Det er rett at samanlikna med å legge ned ein heil barnehage, er det enklare å reversere ei nedskalering i Sundre dersom barnetalet aukar. Men det betyr i så fall at kommunen byggjer ned tilbodet i sentrum der etterspørselen er størst.

I 2018 er fødselstalet venta å bli rekordlågt, men dersom fødselstal er attende på 2017-nivå i 2019, vil det igjen vere behov for fleire barnehageplassar. Det er klokt å vente med å gjere endringar i barnehagestrukturen til ein ser utviklinga framover.

### 2. Oppvekstsenter

Fleire høyringssvar saknar ei grundigare utgreiing om oppvekstsenter. Eit oppvekstsenter samlar barnehage, skule og SFO under same tak med felles leiing. Eit oppvekstsenter kan ha elevar frå 1. til 10. trinn, men som oftast er det elevane frå 1.-4. trinn eller 1.-7. trinn som går i oppvekstsenteret.

Utdanningsdirektoratet skriv om leiing og organisering av skular og barnehagar i eit brev til Fylkesmannen i Oppland i 2013. Så lenge dei generelle krava i opplæringslova §9-1 er oppfylt, kan ein rektor vere leiar for andre verksemder enn skule, som t.d. samlokalisert grunnskule og barnehage. Barnehagelova opnar for felles organisering i område der barnehagebarn og skuleelevar til saman berre er nokre få titals barn. Direktoratet konkluderer likevel slik: «*På bakgrunn av kravene til daglig ledelse i både barnehageloven og opplæringsloven, mener Utdanningsdirektoratet at det kun unntaksvis vil være mulig å organisere virksomheter med felles ledelse av både skole og barnehage.*».

Eit oppvekstsenter kan vere eit meir berekraftig alternativ for å oppretthalde ein desentralisert struktur og innfri retten i opplæringslova § 8-1: Grunnskuleelevarane har rett til å gå på den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Fleire høyringssvar er redd barnhagen blir nedprioritert med felles leiar for barnehage og skule. Dette byggjer på tidlegare erfaring. I ein slik modell blir det vitig å finne løysingar som gir reell felles leiing. I oppvekstsenter kan det det vere enklare å få til samarbeidsordningar i overgangen mellom barnehage og skule.

I høyringa er det kome eit framlegg om å opprette oppvekstsenter i Leveld og på Torpo med barnehagebarn pluss elevane på 1.-7. trinn. Dette alternativet bør greiast ut meir dersom ein i framtida skal vidareføre ein desentralisert skulestruktur i kommunen.

Det er også kome framlegg i høyringa om å samle 1.-4. trinn på skulane Skattebøl, Leveld

og Torpo, og at 5-7. trinn for heile kommunen blir samla på Nedre-Ål. Dette alternativet vil etter prognosene gi denne elevfordelinga skuleåret 2025/26:

Skule	Elevtal 2017/18	Elevtal - 2025/26	
		Klassetrinn	Elevtal
Leveld	78	1.-4.	33
Nedre-Ål	217	5.-7.	152
Skattebøl	54	1.-4.	122
Torpo	63	1.-4.	24

Elevtalet blir lågt i Leveld og på Torpo. Med ei slik ordning blir det difor svært aktuelt å opprette eit oppvekstsenter ved desse to skulane for å styrke fagmiljøet og for å effektivisere drifta.

Den største utfordringa vil vere å samle sentrumselevane i 1.-4. trinn på Skattebøl. Sjølv med ei krinsregulering der elevar frå Liagardane går til Torpo, og heile den gamle Bergsgardskretsen går til Leveld, vil det bli nødvendig med ei større utbygging på Skattebøl (klasserom, grupperom og utvida SFO). Som ein del av denne ombygginga, kan det eventuelt vere eit alternativ å legge ned Skattebøl barnehage, og la bygningane bli ein del av Skattebøl skule.

Frå 5. trinn aukar det fagspesifikke, og med ein felles skule for 5.-7. trinn på Nedre-Ål, ville det bli enklare å legge til rette for meir lik læring for alle elevane i kommunen fram mot ungdomsskulen.

### 3. Kretsgrenser

Mange vil innføre kretsgrenser. Med dette virkemiddelet vil dei fordele elevane betre mellom skulane. Nærskuleprinsippet er nedfelt i opplæringslova og er ikkje ei ordning kommunen kan velje bort. Etter opplæringslova § 8-1 har grunnskuleelevene rett til å gå på den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Ein kommune kan gi forskrift av krinsgrenser, men ei slik forskrift om skulekrinsgrense skal vere i samsvar med nærskuleprinsippet.

Direktoratet skriv: «*Det kan ikke legges vekt på hensyn som vil være i strid med nærskuleprinsippet eller opplæringslovens formål: for eksempel lik belastning på kommunens skoler, opprettholdelse av skoler med svakt elevgrunnlag, spredning av faglig sterke og svake elever, samling av minoritetselever og spesialundervisningselever osv.*» Direktoratet avsluttar med: «*Dersom kommunen ikke klarer å forvalte sin egen forskrift om kretsgrenser i forhold til nærskuleprinsippet, må den revurdere forskriften om skolekretsgrenser, se på praksis knyttet til enkeltsaker eller til sist evt. gjøre noe med hele skolestrukturen i kommunen.*» Ei eventuell forskrift om kretsgrenser i kommunen må altså vere i samsvar med nærskuleprinsippet.

### 4. Fritt skuleval

Fleire ynskjer ei ordning der det blir enklare å flytte elevar til dei mindre skulane.

Etter opplæringslova har alle grunnskuleelevar rett til å gå på nærskulen, men eleven kan, etter søknad: «*takast inn på annan skule enn den eleven soknar til*» (§ 8-1, tredje ledd).

Det er opp til kommunen å forvalte denne lovformuleringa «strentg» eller «fritt». I Ål kommune har praksisen vore å handsame søknad om skulebyte rimeleg strengt. Det er både prinsipielle og økonomiske grunnar til at nærskuleprinsippet bør vere retningsgjevande. Ei ordning som legg til rette for fritt skuleval, vil gi ei svært utfordrande og kostbar skyss-

ordning. Det vil vere ulike grunnar til at ein ynskjer skulebyte; ynskje om å gå på ein mindre skule (tryggare miljø), ynskje om å gå på ein større skule med fleire elevar på trinnet, ynskje om å gå på det ein meiner er den beste skulen i kommunen, eller ynskje om å gå på den skulen som er det mest praktiske for familien. Ei fri forvaltning av § 8-1, tredje ledd, kan slå begge vegar. Det kan både styrke og svekke elevgrunnlaget ved dei ulike skulane i Ål.

## 5. Fådelt eller fulldelt skule?

Fleire høyingsuttaler understrekar det positive med fådelt skule og aldersblanding. Det blir også vist til forsking som støttar den fådelte skulen. Dette er i samsvar med dei funna som Tone Sollien også har gjort i si metastudie og som det blir vist til i høyingsnotatet. Forsking viser at det ikkje er storleiken på skulen som avgjer kor god skulen er. Det er andre faktorar som avgjer. Ein lærar som har ein god relasjon til den enkelte eleven, er tydeleg og har forventningar til alle elevane ved skulen, er den viktigaste faktoren. I tillegg kjem faktorar som god skuleleiing, gode strukturar og rammer for det pedagogiske arbeidet, god tilpassa undervisning for alle og at elevane legg vekt på fagleg læring.

Skuleforskaren Thomas Nordahl seier i ein artikkel på nettsida forsking.no: «*Godt læringsmiljø er ikke noe kommunepolitikerne kan bevilge over skolebudsjettet. Det er noe eleven, foreldre, lærere, skolemyndigheter og skolepolitikere skaper sammen. Det handler om miljøet i klassen. Om forholdet mellom elevene. Om relasjonen lærer-elev. Om klasseledelse. Om foreldre som bryr seg. Om skolens ledelse. Om hvordan det ser ut på skolen.»*

Ein desentralisert struktur i Ål vil bety at både Leveld og Torpo blir fådelte skular. Det blir større skilnad på metodebruk og organisering av opplæringa i kommunen, og det vil bli større skilnad på lærartettleiken mellom skulane. Etter kvart som elevtalet går ned, vil også kostnaden per elev auke meir ved dei små skulane. Om dette siste har Nordlandsforskning gjort ein studie i 2002: «*Kostnadsfaktoren i fådeltskolen – hva gjør små skoler dyre?»*

Å arbeide med fleire trinn i same klasse krev andre undervisningsmåtar. Mellom anna blir det viktig å hente ut potensialet som ligg i aldersblanding. Med fådelte skular bør kommunen gi tilsette opplæring i relevante arbeidsformer, for det er ei kjennsgjerning at utdanningsinstitusjonane ikkje prioriterer den fådelte pedagogikken. Det kan vere grunn til å spørje om det i framtida blir vanskelegare å rekruttere nye lærarar til små fagmiljø i ein fådelt skule.

Frå 2025 blir kompetansekravet gjort gjeldande for alle som underviser i skulen. På nettsida til direktoratet står dette: «*For å undervise i fagene norsk, samisk, norsk tegnspråk, engelsk og matematikk på barnetrinnet må den som skal undervise ha 30 studiepoeng som er relevante for det aktuelle fag, i tillegg til å oppfylle tilsettingskravene. Kravene til kompetanse er de samme på alle årstrinn på barnetrinnet».* Dette kravet vil bli ei særleg utfordring der fagmiljøet er lite.

Eit alternativ kan vere meir bruk av ambulerande faglærarar. Denne løysinga vil svekke det faste fagmiljøet ved skulen. Undervisning er lagarbeid. For å skape god praksis i klasserommet må lærarar reflektere saman og bygge den pedagogiske plattforma saman. Dei tilsette ved ein skule har også ansvar for alle elevane, og dei må delta i tilsynsordninga i t.d. friminutta. Ein ambulerande lærar kan lett bli ein «gjestelærar».

Med fådelte skular blir det større pedagogisk mangfald i kommunen, fleire elevar vil få eit skuletilbod i nærmiljøet og glandene kan enklare bli ein del av læringsmiljøet.

## 6. Ein barneskule i Ål

Ein felles barneskule ligg eventuelt nokre år fram i tid. Høyringsdokumentet skisserer at ein eventuell ny skule kan stå klar i 2025. Fleire meiner at dagens Nedre-Ål skule blir ei dårleg løysing og at ein ny barneskule for alle elevane i Ål må byggjast på ei ny tomt. Dersom det er politisk vilje, krev dette ei grundig utgreiing av ulike alternativ og gjennomarbeidde kostnadsanalyser.

Mange er bekymra for at ein felles barneskule i sentrum vil føre til meir foreldrekjøring og meir stress i kvardagen. På den andre sida kan ein sentrumsskule også opne for nye samarbeidsmodellar mellom SFO, kulturskule og idrett, der desse aktivitetane blir ein del av skuledagen. Dette kan spare den ekstra ettermiddagsturen til Sundre.

Ein barneskule vil gi betre ressursutnytting. Leiressursane blir samla på ein stad. Det kan gi rom for å tilsette sosiallærar og spesialpedagogar, og hjelpetenestene, PPT og skulehelsestenesta, kan i større grad «flytte inn» på skulen og gi veiledning og støtte i det daglege relasjons- og læringsarbeidet.

Med ein barneskule vil glandene miste skulen. Skulen har ein grendefunksjon ut over det vere skule. Og det vil bli fleire skysselevar, nokre får lang skyss.

## 7. Skuleskyss

Svært mange er i høyringa bekymra for skuleskyssen, særleg lang skyss for dei yngste elevane. I dag har 42 % av elevane i Ål fri skuleskyss. I tillegg kjem foreldrekjøring, først og fremst til SFO. Med ein skule ville 53 % av elevane ha rett til fri skuleskyss. Høyringsuttaler etterlyser meir om dei uheldige sidene ved skuleskyss. I høyringsuttala står det på s. 17: «*Å kunne gå eller sykle til skulen er eit gode. Det gir betre helse, betre læring og det er sosialt.*» Forsking på området gir god støtte til dette. Helsedirektoratet meiner barn bør vere fysisk aktive minst 60 minutt om dagen. Under aktiv skoleveg på sidene til Statens vegvesen står mellom anna: «*Forsking viser at elever som fraktes med bil eller buss til skolen har betydelig dårligere helse enn elever som går eller sykler.* ...

... En dansk undersøkelse (Masseeeksperimentet 2012) viser at fysisk aktivitet mer enn to timer i uka bedrer skolebarns konsentrasjonsevne. Barna som gikk til skolen viste betre konsentrasjonsevne i tester som ble gjort hele fire timer senere på dagen.» Slike forskningsresultat bør gi føringar for korleis både kommunen og foreldre legg til rette for aktiv skoleveg uansett struktur. Det kan leggjast betre til rette slik at skysselevar blir meir fysisk aktive i kombinasjon med busstransport, slik at eleven kan seie «*før gjekk eg til skulen, no går eg til bussen.*»

For nokre elevar vil reisetida bli svært lang, særleg for dei yngste elevane. For elevar på 1.-3. trinn sa departementet i 1995 at akseptabel reisetid var opp til 45 minutt (s. 9 i høyringsdokumentet). Dette er reisetid + gangtid + ventetid, ein veg. Barneombodet uttalar at dette er i overkant av kva som er til barns beste. For elevar i Vats og i Opheim vil reisetida bli om lag 60 minutt kvar veg. Dette er over akseptabel grense og om det skulle bli aktuelt, må kommunen vurdere ei meir direkte innskyssing frå utkantane.

Fleire uttaler etterlyser tilsyn på skulebussen når elevar med stort aldersspenn skal vere på same buss over langt tid. Det blir vist til uheldige episodar som skjer og som kan skje. Dette er ei problemstilling det bør arbeidast med uansett struktur. 43 % av elevane har skuleskyss i dag. Tilsyn kan vere eit nødvendig tiltak. Ei fadderordning der store passar på dei små, kan gjera det tryggare for dei minste og gi god sosial trening for dei eldste. Skyssen skal vere trygg, og denne tida bør kunne fungere som ein sosial arena der elevane kan prate saman, lese, høyre musikk og slappe av i lag.

## **8. Bygningsmasse**

Fleire høyringssvar peikar på at det er investert mykje i dagens bygningsmasse. Det er rett at det er investert mykje i ein desentralisert struktur. Både barnehagar og skular har ein grei standard. Men mange av bygga har til dels gamle bygningskroppar og på eit tidspunkt vil det bli nødvendig med større vedlikehald, rehabilitering og nybygg. Over tid blir dette arbeidet meir kostbart med mange bygg.

**Lista under viser kor gamal den eldste delen av bygget vil vere i 2025:**

Nordbygdene barnehage:	Fullrenovert/påbygg 2010	15 år i 2025
Skattebøl barnehage:	Frå 1982 (påbygg i 2006 og 2018)	43 år i 2025
Sundre barnehage:	1986 (nye avdelingar 1992 og 2009)	39 år i 2025
Sando barnehage:	Fullrenovert barnehagedel i 2013	12 år i 2025
	Gymsal frå 1983	42 år i 2025
Torpo barnehage:	1979 (påbygg 1997, 2009 og 2015)	46 år i 2025
<hr/>		
Leveld skule:	1987 (ny personaldel i 2010)	38 år i 2025
Nedre-Ål skule:	Ombygd/utbygd i 1999	26 år i 2025
	Enkeltrom er lite endra etter ca. 1965	60 år i 2025
Skattebøl skule:	1980 (tilbygg 1997)	45 år i 2025
Torpo skule:	Fullrenovert 2010 (basseng 1987/2014)	15 år i 2025
	Grendehusdelen frå 1980	45 år i 2025
Ål ungdomsskule	Fullrenovert i 2007	18 år i 2025

Skal ein barneskule i Ål kommune greiast ut, blir det viktig å vurdere vedlikehald og drift av eksisterande bygningsmasse opp mot ein reell nybyggkostnad.

## **9. Barns beste**

Kva er barnets beste? Eit barn er utrygg på skulebussen, eit anna barn er einsam på grendeskulen. Eit barn blomstrar i eit større miljø, mens det andre barnet tek ut potensialet i ei mindre, aldersblanda gruppe. Nokre har best læringsutbytte når rammene er trygge og faste gjennom heile skuleløpet. For andre er det meir interessant og lærerikt med endring og skifte av miljø. Kommunen må legge til rette ordningar som ein heilskapleg meiner er best for alle barn.

## **10. Ein sentrumsskule (legg ned Skattebøl skule)**

Fleire er i høyringa kritiske til å leggje ned Skattebøl skule. Kvifor skal ein leggje ned ein skule som fungerer godt? Kva med dei andre skulane med mindre elevgrunnlag? Bustadfelta i Granhagen/Skattebøl ligg i gangavstand frå sentrum. Det er 2,4 km mellom skulane Nedre-Ål

og Skattebøl. Ein sentrumsskule vil gi betre ressursutnytting ved å samle elevgruppa på dei fire første trinna. Med kjent elevtal kan Skattebøl bli fådelt i 2023. Nedre-Ål skule har plass til elevane frå Skattebøl. Arealkravet er  $2\text{ m}^2$  undervisningsrom per elev. 250 elvar gir om lag  $3,3\text{ m}^2$  undervisningsrom per elev.

Fleire uttaler peikar på at Nedre-Ål skule har manglar som det må gjerast noko med før elevane frå Skattebøl eventuelt kan flyttast over. Ei førebels skisse ser slik ut:

- Bygge om tekstil og teiknerom til to nye klasserom og to grupperom.
- Bygge om klasserommets Såta til tekstilrom kombinert med SFO-rom.
- Bygge om datarom til arbeidsrom for lærarane.
- Generell oppussing av enkeltrom/gangareal.

I tillegg må det setjast av midlar for å ruste opp og utvide uteområdet ved Nedre-Ål. Asbjørn Flemmen utarbeidde i 2012 ei skisse til korleis dagens areal kan innby til meir aktiv leik. Ved å innlemme kommunalt areal på nordvestsida vil det bli om lag  $25\text{ m}^2$  per elev på den «indre» plassen. Dette er mindre enn anbefalinga på  $50\text{ m}^2$  per elev, men med skuleparken blir det over  $100\text{ m}^2$  per elev. Det bør leggast betre til rette for meir bruk av Skuleparken. Skulen har også korte avstandar til andre aktivitetsområde; om lag ein kilometer til ferieparken og Ål bygdemuseum, og det er 1,4 km til Sundreberget og idrettsanlegget på Bråta.

Viss det å flytte elevane frå Skattebøl til Nedre-Ål blir tenkt som ei meir permanent løysing, og ikkje som eit skritt på vegen mot ein skule for barnetrinnet i Ål, bør det setjast av betre tid til planlegging og gjennomføring. Det kan bli nødvendig å vente til skulestart i 2020. Då vil det samla elevtalet vere om lag 240 elevar.

Alternativet med å samle 1. og 2. trinn i sentrum på Skattebøl, og 3.-7. trinn på Nedre-Ål, blir etterlyst i høyringa. Alternativet har vore utgreidd tidlegare. Med dette alternativet ville ein utnytte det store leikeområdet ved Skattebøl, og skulen kunne bli spesialist på begynnarsopplæring. Dette alternativet blir likevel ikkje vurdert som ei tenleg løysing fordi det blir eit delt fagmiljø, det vil krevje ein ekstra leiarressurs, og det blir ei meir kostnadskrevjande SFO-ordning. Det blir også behov for oppussing/vedlikehald av fleire bygg, og fleire elevar vil trenge skuleskyss.

## **11. Erfaringar frå kommunar som har lagt ned grendeskulane**

Det blir i høyringa etterlyst erfaringar og forsking frå kommunar som har lagt ned grendeskulen. Skuleåret 2008/09 var det 3140 grunnskular i Noreg. Ti år seinare er talet 2856. Det er altså 284 færre skular i dag enn for ti år sidan. Ein grunnskole har i 2017/18 i gjennomsnitt 222 elevar. For ti år sidan var gjennomsnittet 196. Nærare 25 000 elevar har opplevd ei skulenedlegging dei siste ti åra. I gjennomsnitt hadde den nedlagte skulen 63 elever det siste året den var i drift. Halvparten av skulane hadde under 36 elever (Udir).

Sjølv om mange lokalsamfunn blir råka av ei skulenedlegging, er det forska lite på konsekvensane. I 2003 gjennomførte Nordlandsforsking ei spørjeundersøking ved 32 skular i 11 fylke. Fleirtalet av dei eldste elevane var fornøgde med å få fleire klassekameratar fordi det sosiale miljøet vart større. Samstundes såg det ut til å vere meir mobbing ved den nye skulen. Og særleg var dei yngste elevane misfornøgde med den nye skulevegen. Fleirtalet av foreldra var motstandarar av skulenedlegginga. I ettertid endra ca. ein fjerdedel meining. Dei

fleste som endra meining såg verdien i eit større sosialt miljø. Andre vegen endra foreldre syn fordi det vart meir mobbing enn dei hadde sett for seg ved den nye skulen.

Rune Kvalsund viser i ein artikkel, Rettferdige skulenedleggingar, til eit skulelokalisering-prosjekt ved Møreforsking og Høgskulen i Volda. Ei skulenedlegging fører sjeldan til at folk flytter frå bygda over natta, men lokalsamfunn utan skule kan bli mindre attraktive for barnefamiliar som kunne tenke seg å flytte til eit bygdesamfunn. Telemarkforsking skriv i ein rapport om skulestruktur i Stange kommune, at ei skulenedlegging like gjerne er ein konsekvens av at grenda alt er uttynna (høyringsdokumentet s. 33)

I Gol vart grendeskulane lagt ned på 90-talet. Kva har skjedd med folketalsutviklinga etter at skulen vart lagt ned? I tabellen under er dei gamle skulekretsane på Gol samanlikna med nokre av dei aktuelle kretsane i Ål.

ÅL	1999	2018		GOL	1999	2018	
<b>Torpo</b>	823	754	-9 %	Rotneim	184	139	-25 %
<b>Nordbygdene</b>	707	635	-10 %	Øygardane	284	252	-11 %
<b>Sando</b>	318	388	22 %	Åsgardane	315	282	-11 %
<b>Bergsgard *</b>	146	157	7 %	Herad/Engene	526	502	-5 %

\*Den gamle skulekretsen Bergsgard er i dag delt mellom Leveld og Nedre-Ål.

Tabellen viser at det har vore nedgang både i glandene på Gol og i Ål, noko mindre i Ål. Sando, som mista skulen i 2011, har hatt størst vekst av alle. Dette er berre eit døme. Det seier lite generelt om folketalsutvikling ved ei skulenedlegging. Derimot kan det vere verdt å merke seg at befolkningssgrunnlaget var betydeleg mindre i Gol den gongen dei la ned skulane der, enn det i dag er i Nordbygdene og på Torpo.

## 12. Arbeidstakar- og HMS-perspektivet

Gjennom organisasjonane og styringsorgan ved barnehagar og skular har arbeidstakarane hatt høve til å uttale seg i høyringsprosessen. HTV i Utdanningsforbundet har vore med i arbeidsgruppa, og HAVA(bedriftshelsetenesta) har gjennomført eit kort kurs om endring og omstilling med leiarane i sektoren.

Om det blir aktuelt med konkrete organisatoriske og/eller strukturelle endringar etter den politisk handsaminga hausten 2018, skal HMS-rutine 6.21 sikre arbeidsmiljøomsynet til arbeidstakarane. Arbeidsgjevar og leiinga på alle organisasjonsnivå har ansvar for å fylge rutinen. Rutinen sikrar involvering og medverknad frå arbeidstakarar, vernetenesta, tillitsvalde og bedriftshelsetenesta. For større endringar og omorganiseringar skal det lagast ein plan for gjennomføring av endringsprosessen.

## 13. Levande bygder

I høyringssvara meiner mange at skulen er med på å oppretthalde levande bygder. Det blir hevda at med grendeskular blir det også meir attraktivt å flytte til Ål, særleg for dei som ynskjer eit mindre miljø. Og meir konkret; kva med grendehusfunksjonen viss barnehagen/skulen blir lagt ned? Og kva med fritidsaktivitetane? Dette er reelle problemstillingar i det samfunnsmessige perspektivet, men kan ikkje vege like tungt i ei rein barnehage- og skulefagleg vurdering. Kva som skal til for å trekke nye innbyggjarar til kommunen er eit samansett spørsmål. Det handlar om generelle samfunnstrendar, og det handlar om politiske val og prioriteringar på fleire område både lokalt og nasjonalt.

## 5. Avsluttande kommentar frå arbeidsgruppa

### Oppsummering barnehagestruktur

Arbeidsgruppa er bekymra for nedgangen i barnetalet. Ei vedvarande nedskalering av drifta vil ikkje over tid vere fagleg forsvarleg. Blir fagmiljøet for lite, blir det vanskelegare å gjennomføre det daglege pedagogiske arbeidet på ein god måte, og med mindre bemanning vil også ein vaksen vere lenger åleine med barnehagruppa.

Likevel meiner arbeidsgruppa at kommunen bør avvente barnetsutviklinga og endeleg vedtak om skulestruktur, før ein gjer endringar i barnehagestrukturen fordi det vil vere eit tap for alle småbarnsforeldre i kommunen å miste barnehagetilbodet i nærmiljøet.

Arbeidsgruppa meiner kommunen inn til vidare bør halde på dagens barnehagestruktur, og har difor ikkje vurdert dei ulike perspektiva i denne avsluttande kommentaren. Det kan bli aktuelt å prøve andre virkemiddel som t.d. å innføre berre fem-dagars plassar, eller redusere opningstida på enkeltdagars i samarbeid med foreldregruppa i den aktuelle barnehagen.

*Inntil vidare ber arbeidsgruppa om økonomiske rammer som sikrar drift i alle barnehagane, og som gir ledige barnehageplassar for innflyttarfamiliar.*

### Oppsummering skulestruktur

Arbeidsgruppa konkludere ikkje med kva for løysing til skulestruktur som er den beste, men ser at det vil bli eit val mellom desentralisert eller sentralisert struktur i Ål kommune. Ål har ingen store skular. Den største Barneskulen, Nedre-Ål, er litt mindre enn landssnittet.

Arbeidsgruppa avsluttar med ei kort vurdering av desentralisert og sentralisert struktur sett i lys av dei fire ulike perspektiva. Vurderingane vil også i stor grad vere gyldige for barnehage.

- Pedagogiske perspektiv:

Det er ikkje storleiken på det pedagogiske miljøet som avgjer kor godt læringsmiljøet er. Det er andre faktorar som bestemmer kvaliteten. Men den faglege tilnærminga blir ulik. Med få elevar på trinnet kan læringsmiljøet bli lite. Det er ikkje alltid aldersblanding er løysinga.

I eit større miljø er det meir krevjande å følgje opp kvar enkelt elev i klassen. I ein mindre skule er det enklare å tilpasse for elevar med særlege behov. Ulempa er ofte at spesialpedagogen manglar.

*Arbeidsgruppa meiner at læringsmiljøa blir ulike, men at både ein desentralisert og ein sentralisert struktur har pedagogiske kvalitetar.*

- Organisatoriske perspektiv:

I ein sentral skule blir alle ressursane samla på ein stad. Det betyr at ein kan redusere på leiarressursen i kommunen, og det blir enklare å sikre funksjonar som sosiallærar, spesialpedagog og IKT-ansvarleg. Det blir enklare å bygge lærarteam rundt enkelte trinn. Det blir enklare å nytte fagkompetansen til lærarane. Det frigjer ressursar slik at

hjelpetenestene (PPT og skulehelsetenesta) kan arbeide meir systemretta og med veiledning i eit felles læringsmiljø.

Små skular er oversiktlege og det kan vere enklare å skape ei felles pedagogisk plattform. Med forventa elevtalsutvikling må ein med ein desentralisert struktur akseptere at det blir fådelte skular og at det blir større skilnad på skulane i Ål.

*Arbeidsgruppa meiner at ein i det organisatoriske perspektivet, samla sett, kan organisere og nytte dei faglege ressursane best med ein sentralisert struktur.*

- **Økonomiske perspektiv:**

Det er dyrare å drifta fleire små einingar. Det er bruk for fleire leiarar, lærartettleiken blir meir ujamn og enkelte grupper blir små. Ein ny skule vil i ein periode fram i tid ha høge finansutgifter. Sviktande elevtal vil gi mindre i rammetilskot frå staten.

*Arbeidsgruppa meiner at viss dei økonomiske rammene blir trongare, vil ein sentralisert struktur vere mest berekraftig.*

- **Samfunnsmessige perspektiv:**

Med ein barneskule i Ål treng fleire elevar skuleskyss (om lag 10 %). Særleg for nokre av dei minste elevane blir skyssen lengre enn det som er forsvarleg. Inaktive elevar er uheldig for læring og for folkehelsa. Ein sentral barneskule vil få konsekvensar for grendene.

*Arbeidsgruppa meiner at grendene er viktige for Ål kommune og at skuleskyssen kan bli for lang for dei yngste elevane, men meiner også at det er ei nedre grense for kor liten ein skule kan bli både sosialt og fagleg.*

----- 0 -----